

Høyringsinnspel: Forslag til effektivisering og moglegheiter for innsparing i oppvekstsektoren

Eg vil med dette uttrykkje mi sterke bekymring for konsekvensane av å leggje ned 1, 2 eller 3 skular i Surnadal kommune. Eg vil og be innstendig om at de i kommunestyret som sit med makta til å avgjere dette, tek denne avgjeringa veldig alvorleg – og tek innover dykk kor sterkt dette bekymrar oss som dette vil gå direkte utover – både barn og vaksne. For oss som har busett oss i ei av bygdene utanfor sentrale Surnadal, kjennest forslaga i høyringsdokumentet som at grunnvollane ristar i liva vi har bygd opp her.

Eg vil forsøke å setje ord på nokre av bekymringane mine i denne saka:

- Mange av barna får ein mykje lengre reiseveg, og eg tenkjer spesielt på dei som bur aller lengst frå sentrum. Eg fryktar at det vil ha negative konsekvensar for den fysiske og psykiske helsa til barna å måtte bruke så mykje tid på transport (og ekstra ventetid før turen heim). Tida blir teke frå fritida deira, frå søvnen deira, frå leike- og rekreasjonstid. Kjem dei til å orke å vere med på fritidsaktiviteter? Blir det gjennomførbart for eit SFO-barn å vere med på ein fritidsaktivitet i Surnadal sentrum? Kjem dei til å ha det trygt og godt på dei lange bussturane? Kor mange kjem til å bli bussjuke, kanskje kvar dag? Eg vil påstå at denne lange reisevegen før skuledagen byrjar, ikkje gjev eit godt grunnlag for læring – så urettferdig for dei som må reise langt!
- Eg tenkjer på dei som får ein kvardagslogistikk som blir omtrent umuleg å løyse. F.eks. dei som bur i Bøfjorden og jobbar i Heim, og dei som bur i Øvre Surnadal og jobbar i Rindal – og som har barn som må vere på SFO kanskje både på morgon og ettermiddag – før og etter skulebussen går. Kva vil dette gjere med stressnivå og mental helse til desse foreldra og, kor mange vil bli tvinga til å byte jobb, fordi logistikken rett og slett ikkje går an å løyse?
- Eg er bekymra for – og er heilt sikker på - at å legge ned skulane vil gjere det mykje mindre aktuelt og attraktivt for folk – og spesielt barnefamiliar – å busette seg eller bli buande i bygdene. Sjølv sagt blir det mykje mindre freistande for dei som har eller har tenkt å få barn å busette seg her «ute» når det blir så langt til skulen. Eg er bekymra for at neste generasjon på gardane ikkje vil ønske å ta over drifta. Eg er bekymra for berekraft, beredskap og lokal matproduksjon og verdiskaping.
- Eg er bekymra for livskvaliteten til både barn og vaksne i «grendene». Eg er bekymra for utslitne barn, for stressa småbarnsforeldre som vil bli enno meir stressa. Eg er redd for at vi får mindre tid og energi til overs til frivillig arbeid og sosiale initiativ som bidreg til trivsel og aktivitet i nærmiljøa våre.

- Eg er sjølv tilbakeflyttar til kommunen, busett på Åsskard og har to barn på 4 og 8 år. Oppvekstsenteret har betydd så mykje for trivselen vår så langt – å ha skule og barnehage i nærmiljøet, at barna får vener som bur nærme, at dei slepp å bruke lang tid på transport til og frå, og at vi vaksne får i hop kvardagen. Eg meiner at viss de vil at det skal bu folk rundt om i kommunen vår, viss de vil at nokon skal drive gardane (og andre verksemdar) som ligg i desse bygdene – så fins det ingen fornuft i å legge ned skulane!

Til slutt: kjære politikarar, sett barnets beste først i vurderinga av denne saka – det er først og fremst barna som får ta konsekvensane!

«Barnets beste skal være et grunnleggende hensyn ved alle avgjørelser og handlinger som berører barn.

Målet med å vurdere barnets beste er å sikre at behovene og interessene til barn og unge blir tatt hensyn til i beslutninger som påvirker dem. Jo større påvirkning den aktuelle beslutningen har for et barn eller barn generelt, jo større krav stilles det til grundige vurderinger av barnets beste.»

Henta frå Barneombudet si heimeside.

(<https://www.barneombudet.no/barns-rettigheter/barnets-beste>)

15. september 2025

Gunhild Marie Täringskog